# PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 02.2020

Møte i generalforsamlinga i Sogn Sparebank vart halde som telefonkonferansløysing – Skype onsdag 15. april 2020, kl. 18.00.

Følgjande saker vart handsama:

## Sak 01.2020 Opning

Leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad opna møte i generalforsamlinga.

**a) Namneopprop**
Sekretær i generalforsamlinga føretok namneopprop, sjå vedlegg frammøteprotokoll.

Vedtak:
Namneoppropet synte at det var 33 medlemer av generalforsamlinga med stemmerett, og generalforsamlinga er med det vedtaksfør.

I tillegg var 8 styremedlemar og banken sin eksterne revisor til stades i møtet. Frå banken sin administrasjon deltok adm. banksjef, ass. banksjef, Risk and Compliance Manager og sekretær for generalforsamlinga.

**b) Godkjenning av innkalling og sakliste**
Møtet er innkalla etter § 8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemane i generalforsamlinga og varamedlemmer den 25. mars 2020. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lov om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmenn-aksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

Vedtak:
Merknad til innkalling og sakliste:

- Anne Kauppi; Etter vedtektene § 3-8 skal innkalling til ordinær generalforsamling med saksvedlegg sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet. Siste sakstilfanget fekk vi i dag.

- Roy Egil Stadheim; Leiar i generalforsamlinga har sjekka ut med advokat Christian Stang Våland at generalforsamlinga med innkallinga og saksvedlegg som ligg føre kan gjennomførast i dag.

Generalforsamlinga stemde over om generalforsamlinga med innkalling og saksvedlegg, slik den ligg føre, kan avhaldast.

Mot fem røyster fatta generalforsamlinga vedtak om å avhalde generalforsamlinga med innkalling og saksvedlegg, slik den ligg føre.

Møtet vart lovleg sett.

## Sak 02.2020 Val av møteleiar

Generalforsamlinga gjorde framlegg om at leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad vart vald til å leia møtet.

Vedtak:
Leiar i generalforsamlinga, Kristine Grønner Ohnstad, vart vald til å leia møtet.

## Sak 03.2020 Val av to til å underskriva møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga og to til å vera teljekorps

Leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad gjorde framlegg om to personar, Anita Lærum og Roy Egil Stadheim, til å underskrive protokollen saman med møteleiar, samt vere teljekorps.

Vedtak:
Anita Lærum og Roy Egil Stadheim vert valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar.

Dei same personane vil òg vere teljekorps ved behov.

## Sak 04.2020 Årsoppgjer for 2019

**a) Rekneskapet 2019**
Adm. banksjef Mads A. Indrehus refererte hovudtala i rekneskapet og orienterte om drifta til banken. Han viste ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

**b) Årsmelding frå styret 2019**
Leiar i styret Morten Kristiansen refererte hovudpunkta i styret si årsmelding.

**c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019**
Leiar i styret Morten Kristiansen las opp stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019.

## Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019

Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapet 2019 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar, og at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at årsmeldinga gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken sto overfor i 2019.

Årdalstangen den 24. mars 2020.

*Morten Kristiansen (s.)*
Styreleiar

*Arve Tokvam (s.)*

*Olav Vikøren (s.)*

*Siv Enerstvedt (s.)*

*Anne Maria Langeland (s.)*

*Anne Espeland (s.)*

*Håkon Seim Lysne (s.)*

*Anette Huun Jevnaker (s.)*
Tilsetterepresentant

*Leidulv Finden (s.)*
Tilsetterepresentant

*Mads Arnfinn Indrehus (s.)*
Adm. banksjef

## d) Eigarstyring og selskapsleiing

Leiar i styret Morten Kristiansen la fram rapporten; Eigarstyring og selskapsleiing frå styret for 2019.

## e) Revisjonsmelding 2019

Revisjonsmeldinga var utsendt som sakstilfang, og vart lagt fram av ansvarleg revisor PwC, Jon Haugervåg.

## f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret vil på generalforsamlinga 15.04.2020 tilrå generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2019 som følgjer:

| | |
|---|---|
| Utbyte | 0 |
| Overført til utjamningsfondet | 3.657 |
| Overført til gåvefondet | 2.417 |
| Overført til Sparebankfondet | 19.836 |
| Urealiserte vinstar | 2.684 |
| Renter hybridkapital | 2.234 |
| **Sum disponert** | **30.828** |

Denne disponeringa gir ei avsetning på kr. 5,78 pr. eigenkapitalbevis til utjamningsfondet. Styret vil tilrå generalforsamlinga å ikkje betala ut utbyte for 2019.

Styret ber generalforsamlinga om fullmakt til å disponere og dele ut avsette gåvemidlar 2,417 mill. kroner i samsvar med banken sine vedtekter § 6-1:

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 30 % av at dei utdelte gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføra seg.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:
Generalforsamlinga handsama styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2019 – morbank og konsern med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått. Generalforsamlinga fastset morbanken og konsernet sitt resultatrekneskap og balanse for 2019 i samsvar med innstilling. Framlegg til disponering av årsresultatet for 2019 vert vedteke i samsvar med styret si tilråding.

## Sak 05.2020 Godtgjersle til revisor

Det vart gjort greie for revisjonsordninga i 2019.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:
Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

## Sak 06.2020 Fullmakt kjøp av eigne eigenkapitalbevis

Det låg føre innstilling frå styret om å gi styret fornya fullmakt til kjøp av eigne eigen-kapitalbevis.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

1. Styret i Sogn Sparebank får fullmakt til, på vegne av selskapet, å kjøpe eigne eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil NOK 6.325.000 som tilsvarar 10 % av den noverande eigenkapitalbeviskapitalen.

2. Høgaste sum som kan betalast per eigenkapitalbevis er NOK 125,-, minste NOK 50,-.

3. Kjøp og sal av eigne eigenkapitalbevis kan skje slik styret finn det føremålsteneleg. Kjøp skal skje over børs.

4. Fullmakta gjeld i 12 månadar rekna frå møte i generalforsamlinga den 15.april 2020.

5. Dersom eigne eignekapitalbevis blir selde, gjeld fullmakta òg kjøp av eigne eigenkapitalbevis til erstatning for dei selde, så lenge summen av eigne eigenkapitalbevis ikkje overstig 10 % grensa.

## Sak 07.2020 Fullmakt eige eigne eigenkapitalbevis

Styret i Sogn Sparebank ber generalforsamlinga om fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga gir styret fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis.
Fullmakta gir adgang til å erverve eigenkapitalbevis frå eigenkapitalbeviseigarane i Sogn Sparebank i ein fullmaktsperiode på to år frå generalforsamlinga si beslutning, det vil sei fram til 14. april 2022.

Fullmakta gir rett til å erverve eigenkapitalbevis med samla verdi på inntil NOK 2.500.000.

Det høgaste beløp som kan betalast pr. eigenkapitalbevis er NOK 110.

Det lågaste beløp som kan betalast pr. eigenkapitalbevis er NOK 85.

Styret stilles fritt med hensyn til på hvilke måter erverv og avhendelse av egne egenkapitalbevis skal skje. Erverv og avhendelse av egne egenkapitalbevis kan skje på den måten styret finner hensiktsmessig.

Vedtaket si gyldigheit er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet.

## Sak 08.2020 Endring av vedtektene

Det låg føre innstilling frå styret om å endre banken sine vedtekter § 3-8. Det gjeld:

**§ 3-8 Innkalling til generalforsamling – nytt tidspunkt for generalforsamling**

Blir endra frå ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år, til ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

**§ 3-8 Innkalling til generalforsamling**
Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år. Generalforsamlinga vert kalla inn av styret.

Innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemane på sparebanken sine internettsider, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemane av general-forsamlinga. Dette gjeld òg dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til general-forsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

## Sak 09.2020 Valinstruks for valnemndene i § 5-1 og § 5-2

Generalforsamlinga handsama valinstruks.

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:
Generalforsamlinga vedtek framlagd valinstruks for valnemndene i § 5-1 og § 5-2 i Sogn Sparebank.

## Sak 10.2020 Val av valnemnder

I. LOKALE VALNEMNDER (§ 5-2)

### i) LOKALVALNEMND OMRÅDE AURLAND

**a) Medlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**

| | | |
|---|---|---|
| **På val:** | 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) |

**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) | Anita Lærum |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Nils Tore Skahjem |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Julusmoen Bakk |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**

**På val:** 1. varamedlem for perioden 2020
2. varamedlem for perioden 2020-2021

**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Jan Fredrik Hagen |
| 2. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Inga Winjum |

**c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1**

Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

**På val:** 1 medlem frå lokal valnemnd område Aurland

**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:** (Kommunevald) Anita Lærum


### i) LOKALVALNEMND OMRÅDE AURLAND

**a) Medlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**

| | | |
|---|---|---|
| **På val:** | 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) |

**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) | Anita Lærum |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Nils Tore Skahjem |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Julusmoen Bakk |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**
**På val:** 1. varamedlem for perioden 2020
2. varamedlem for perioden 2020-2021

**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Jan Fredrik Hagen |
| 2. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Inga Winjum |

**c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1**
Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

**På val:** 1 medlem frå lokal valnemnd område Aurland
**Forslag frå lokal valnemnd Aurland:** (Kommunevald) Anita Lærum

**ii) LOKALVALNEMND OMRÅDE ÅRDAL/LÆRDAL**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)**
**På val:** 1 medlemer for perioden 2020-2021 (Kommunevald)
1 medlem for perioden 2020-2021 (Kundevald)
1 medlem for perioden 2020 (Tilsettevald)

**Forslag frå lokal valnemnd:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kommunevald) | Anne Kauppi |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Ernst Ståle Øvstetun |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Malene Ålhus |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)**
**På val:** 1. varamedlem for perioden 2020
2. varamedlem for perioden 2020-2021

**Forslag frå lokal valnemnd Årdal/Lærdal:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Per Olav Lerøy |
| 2. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Svein Arve Myrland |

**c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1**
Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

**På val:** 1 medlem frå lokal valnemnd område Årdal/Lærdal
**Forslag frå lokal valnemnd Årdal/Lærdal:** (Kundevald) Ernst Ståle Øvstetun

**iii) LOKALVALNEMND OMRÅDE VIK**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)**

| | | |
|---|---|---|
| **På val:** | 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kommunevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Kundevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) |

**Forslag frå lokal valnemnd Vik:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kommunevald) | Marta Sofie Vange |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Arnstein Hove |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Leif Bungum |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)**

**På val:** 1. varamedlem for perioden 2020
2. varamedlem for perioden 2020-2021

**Forslag frå lokal valnemnd Vik:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Helland |
| 2. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Reidunn Bolstad |

**c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1**

Generalforsamlinga vel 1 medlem frå lokal valnemnd til valnemnda i § 5-1.

**På val:** 1 medlem frå lokal valnemnd område Vik

Forslag frå lokal valnemnd Vik: (Kommunevald) Marta Sofie Vange

## II. VALNEMND (§ 5-1)

| | | |
|---|---|---|
| **På val:** | 2 medlemer for perioden 2020-2021 | (Kommune-/kundevald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Kommune-/kundevald) |
| | 1 medlemer for perioden 2020 | (Eigenkapitalbeviseigarvald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) |
| **Framlegg:** | 2 medlemer for perioden 2020-2021 | (Kommune-/kundevald) |
| | Marta Sofie Vange | (Kommunevald Vik) |
| | Ernst Ståle Øvstetun | (Kundevald Årdal/Lærdal) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Kommune-/kundevald) |
| | Anita Lærum | (Kommunevald Aurland) |
| | 1 medlemer for perioden 2020 | (Eigenkapitalbeviseigarvald) |
| | Aleksander Freberg | (Eigenkapitalbeviseigarvald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) |
| | Britt Julusmoen Bakk | (Tilsettevald) |

**b) 1. varamedlem valnemnda (§5-1)**
**På val:** 1 medlem for perioden 2020

**Framlegg:** Arnstein Hove (Kundevald Vik)

Vedtak:
Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

**i) LOKALVALNEMND OMRÅDE AURLAND**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) | Anita Lærum |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Nils Tore Skahjem |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Julusmoen Bakk |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Jan Fredrik Hagen |
| 2. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Inga Winjum |

**i) LOKALVALNEMND OMRÅDE AURLAND**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kommunevald) | Anita Lærum |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Nils Tore Skahjem |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Julusmoen Bakk |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Jan Fredrik Hagen |
| 2. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Inga Winjum |

**ii) LOKALVALNEMND OMRÅDE ÅRDAL/LÆRDAL**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kommunevald) | Anne Kauppi |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Ernst Ståle Øvstetun |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Malene Ålhus |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Per Olav Lerøy |
| 2. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Svein Arve Myrland |

**iii) LOKALVALNEMND OMRÅDE VIK**

**a) Medlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Kommunevald) | Marta Sofie Vange |
| 1 medlem for perioden 2020 | (Kundevald) | Arnstein Hove |
| 1 medlem for perioden 2020-2021 | (Tilsettevald) | Leif Bungum |

**b) Varamedlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)**
**Vald vart:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. varamedlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) | Britt Helland |
| 2. varamedlem for perioden 2020-2021 | (Kundevald) | Reidunn Bolstad |

## II. VALNEMND (§ 5-1)

| | | |
|---|---|---|
| **Vald vart:** | 2 medlemer for perioden 2020-2021 | (Kommune-/kundevald) |
| | Marta Sofie Vange | (Kommunevald Vik) |
| | Ernst Ståle Øvstetun | (Kundevald Årdal/Lærdal) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Kommune-/kundevald) |
| | Anita Lærum | (Kommunevald Aurland) |
| | 1 medlemer for perioden 2020 | (Eigenkapitalbeviseigarvald) |
| | Aleksander Freberg | (Eigenkapitalbeviseigarvald) |
| | 1 medlem for perioden 2020 | (Tilsettevald) |
| | Britt Julusmoen Bakk | (Tilsettevald) |

**b) 1. varamedlem valnemnda (§5-1)**

| | | |
|---|---|---|
| **Vald vart:** | 1 medlem for perioden 2020 | |
| | Arnstein Hove | (Kundevald Vik) |

Protokollen vart opplesen og samrøystes godkjend.

Årdalstangen den 15. april 2020.

Møtet slutt kl. 21.15.

| | | |
|---|---|---|
| __________________________ | __________________________ | __________________________ |
| Kristine Grønner Ohnstad<br>Leiar i generalforsamlinga | Anita Lærum | Roy Egil Stadheim |

VEDLEGG:

# FRAMMØTE PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 15.04.2020

## Generalforsamling

### OFFENTLEG VALDE

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | |
|---|---|---|---|
| Kristine Grønner Ohnstad | Aurland | | |
| Anita Lærum | Aurland | | |
| Knut Nedberge | Aurland | | |
| Anne Kauppi | Årdal | | |
| Thomas Norheim Moen | Årdal | | |
| Anne Inge Nedrehegg | Lærdal | | |
| Gjertrud Samland | Vik | | |
| Roy Egil Stadheim | Vik | | |
| Rune Lunde | Vik | | |

### KUNDEVALDE

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | |
|---|---|---|---|
| Bente Steine | Aurland | Kristine Lekang Øvstetun | Årdal |
| Nils Tore Skahjem | Aurland | | |
| Bjørn Ebne | Aurland | | |
| Stine Dokken Andersen | Årdal | | |
| Per Olav Lerøy | Årdal | | |
| Bente Kristin Øien Hauge | Lærdal | | |
| Arnstein Hove | Vik | | |
| Leentje van der Wal | Vik | | |
| Eivind Sverre Lidal | Vik | | |
| Reidunn Bolstad | Vik | | |

### EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER |
|---|---|---|
| Olaug Skjerdal | EK-bevis | |
| Rune Vikøren | EK-bevis | |
| Grzegorz Stefanski | EK-bevis | |
| Frode Andreas Hågvar | EK-bevis | |
| Hanne Smedegård Moene | EK-bevis | |
| Ståle Øvstetun | EK-bevis | |
| Jarle M. Teigen | EK-bevis | |

### TILSETTEVALDE

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER |
|---|---|---|
| Jan Fredrik Hagen | Tilsette | |
| Malene Ålhus | Tilsette | |
| Leif Bungum | Tilsette | |
| Britt Grov Helland | Tilsette | |
| Britt Julusmoen Bakk | Tilsette | |
| Svein Arve Myrland | Tilsette | |

## Styret

| MEDLEMER | |
|---|---|
| Morten Krisitansen | Å/L |
| Arve Tokvam | A |
| Siv Reidun Enerstvedt | Å/L |
| Olav Vikøren | V |
| Anne Espeland | V |
| Håkon Seim Lysne | Ekbevis |
| Anette Huun Jevnaker | Tilsette |
| Leidulv Finden | Tilsette |

## Revisor

Jon Haugervåg

## Administrasjon

| | |
|---|---|
| Mads Arnfinn Indrehus | Adm. banksjef |
| Gunnar Skahjem | Ass. banksjef |
| Jermund Lien Molland | Risk and Compliance Mangar |
| Karin Vikane | Sekretær generalforsamlinga |

## Forkortingar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kommunevald | KO | Aurland kommune | A |
| Kundevald | KU | Lærdal kommune | L |
| Eigenkapitalbeviseigarvald | Ekbevis | Årdal kommune | Å |
| Tilsettevald | Tilsette | Vik kommune | V |